




Vinje kommune
Kultur

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
SHA	2009/2402	3200/2010	243	01.03.2010

Uttale til høyringsutkast frå KUD - "Kriterier for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg"

Me har gått gjennom rapporten, samt vore i møte med fylkeskommunen i Telemark. Vinje kommune kjem til å støtte uttala Telemark fylkeskommune vil koma med.

Har ingen særlege kommentarar til det anleggspolitiske programmet. Gjennom dette programmet har Vinje kommune fått 2 mill. til symjehallen på Rauland, avdi dette er eit tradisjonelt anlegg som er rusta opp for å møte framtida som eit moderne bad. Men dersom desse midlane i staden kunne gått inn i dei ordinære midlane, for å auke dei, kan dette vera ei ordning som burde vurderast om skal førast vidare.


Vidare meiner me at den kommunale økonomien ikkje burde gå som ein spelemiddelkriterie, då spelemidlane er ei toppfinansiering og ikkje er tenkt for å jamne ut ulikheiter i den kommunale økonomien. Dette bør òg bli opp til fylket korleis dei velger å gjera sine prioriteringar, samt kva strategiplan dei har.

Telemark har høvesvis god anleggsdekning per innbyggjar. Men me meiner at dette må til for at alle skal få tilbod der dei bur; det er mange avsidesliggjande strøk i fylket og innad i kommunane. Dette er òg viktig for og kunne nå målet for den statlege idrettspolitikken: "*den samlede anleggsmassen skal gi flest mulig anledning til å drive idrett og fysisk aktivitet*". I Telemark som det er eit lågt folketal og høg anleggsdekning, fører dette til eit stort etterslep på midlar. Dette er frustrerande for lag som må vente i 5 - 6 år før midlane er innvilga. Etterslepa styrkar heller ikkje målsetjinga til departementet. Det er eit ynskje om at kriteriet for anleggsdekning blir tatt bort, og at søknadssum vil vege 70 % og befolkningstalet 30 %.


Med helsing



Signe Marie Kittelsaa
kultursjef



Silje Hagen
ungdoms- og fritidsleiar



Hans Kristian Lehmann
rådmann